

Fra: Liv Sundheim (Liv.Sundheim@hfk.no)
Sendt: 26.11.2014 09:33:44
Til: 'postmottak@granvin.kommune'
Kopi:

Emne: VS: Vedtak: PS 155/14 Kommuneplan for Granvin herad - arealdel 2014 - 2024
Vedlegg: image001.jpg;image002.png;Kommuneplan Granvin_saksframlegg.pdf
Dykkar ref 12/49-25

Kommuneplanens arealdel for Granvin var handsama i Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune den 18.11. Sjå saksprotokoll med vedtak under. Saksutgreiinga er vedlagt. Meldinga om vedtaket vil også bli sendt i brev.

Venleg helsing

Liv Sundheim
Seniorrådgjevar
Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf: 55 23 92 95 | e-post: liv.sundheim@hfk.no
www.hordaland.no/plan

Fra: Gunbjørg S Hanssen
Sendt: 26. november 2014 09:04
Til: Liv Sundheim
Kopi: Anna Elisa Tryti; Odd Kenneth Mellingen
Emne: Vedtak: PS 155/14 Kommuneplan for Granvin herad - arealdel 2014 - 2024

Hei!

På grunn av tekniske problem med produksjon av møteprotokoll KURE frå 18.11.2014 sender eg vedtak her.

Legger ved vedtak her i PS 155/14

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.11.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forslaget til revidert arealdel av kommuneplanen for Granvin herad vidarefører det gode arbeidet som har vore lagt til grunn for noverande kommuneplan, som bygger på gode analyser spesielt når det gjeld landskap.
2. Utbyggingsmønster:
Arealstrategien for tilrettelegging av bustader i sentrumsnært område og avgrensing mot landbruksområdet er eit godt grep som er i tråd med regionalpolitiske mål om styrking av sentra og tilrettelegging for attraktive sentrumsområde. Heradet bør likevel vere varsam med å bygge ned landbruksareal i aktive landbruksgrender der planen opnar for spreidd utbygging.
3. Kulturminne og kulturmiljø:
 - a) Det er fleire kjende kulturminne innafor SB9 Kjerland, LNF – område der spreidd utbygging av bustader er tillete. Kultur- og ressursutvalet ber om at følgjande tekst vert teke inn i føresegnene:

- Ved utbygging i LNF med spreidd busetnad skal det takast omsyn til bevaring av eksisterande bygningar, anna kulturmiljø og landskap. Jf. pbl. § 11-9 nr. 7.
 - For område SB8 og SB9, LNF – område der spreidd utbygging av bustader er tillete, skal alle saker sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.
- b) Bustadområda B11, B12 og B13 har eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Undersøkingssplikta, § 9 i kulturminnelova, må avklarast på reguleringsplannivå.

Samferdsel:

- Fokus på utvikling av gang- og sykkelveggar er i samsvar med regionale interesser og mål.
4. Det er vanskeleg tilkomst til Fv 7 frå område B9 og B13 og støyutfordringar for område B13. I tråd med merknad frå Statens vegvesen må byggegrensene langs riks- og fylkesveggar takast med i føresegnene slik: «Byggegrense langs riks- og fylkesveg er 50 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan.»
 5. Kultur- og ressursutvalet frårår bustadområdet B13 Kongstun grunna vanskeleg tilkomst, støy, potensiale for automatisk freda kulturminne, landskap og friluftsliv.

Venleg helsing
Gunbjørg S. Hanssen
Førstekonsulent
Tlf. 55 23 90 05
Gunbjorg.Hanssen@hfk.no
www.hordaland.no



Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?